



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Hovudutval for opplæring</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Fylkeshuset, Leikanger. Møterom Åskora 5 etg.</b>
<b>Møtedato</b>	<b>13.05.2015</b>
<b>Kl.</b>	<b>kl. 15:00 – 16:00</b>

<b>Faste medlemmer til stades:</b>	<b>Norvall Nøringset (SV) Nils P. Støyva (Ap) Karianne Torvanger (Ap) Henrik Oppen (Ap) Gunn Åmdal Mongstad (Sp) Per Atle Kjøllesdal (Sp) Alfred Bjørlo (V) Noralv Distad (H)</b>
<b>Forfall til møtet:</b>	<b>Frida Melvær (H)</b>
<b>Varamedlemmer til stades:</b>	<b>Ingen vara</b>
<b>Til stades med møte- og talerett:</b>	<b>Fylkesdirektør Bekka Skaasheim Fylkeshovudtillitsvald Rune Hovland Elev og lærlingombud Venke Nordeide</b>
<b>Sekretariat for møtet:</b>	<b>Førstekonsulent Merete Husabø Nornes</b>

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet vedtok ope møte.

Møtebok frå 25.03.15 og 22.04.15 vart godkjent utan merknader.

## **SAK 11/15      Økonomiplan 2016-2019, prioritering av utgreiingar innan opplæringssektoren**

Saka vart lagt fram utan tilråding.

### **Endringsframlegg:**

#### **Arbeiderpartiet og Senterpartiet kom med følgjande framlegg til vedtak:**

1. Hovudutvalet for opplæring tilrår at ei iverksetting av innsparingstiltak vert realisert i ei slik rekkefølge:  
Oppfølgingstenesta som vedteke i sak 7/15  
Arbeidslivskontakt som vedteke i sak 8/15
  - Økonomiske rammer for dei vidaregåande skulane inntil kr 18.1 mill. kr.
  - Gratis læremiddel/PC –ordninga
  - Karriererettleiing
  - Lærarressurs open skule.
  - Innsparingar knytt til reduksjon i rammene på fagskulen vert å komme attende til i 2017, i samsvar med slik prosjektutgreiinga til fagskulen viser.
  - Utvalet forhold seg til punkt 6.8 om innsparingspotensiale i skule og tilbodsstruktur. *Utvalet ber om at ein eventuell oppstart av utgreiing om innsparingspotensiale i skule og tilbodsstruktur vert førelagt utvalet i eiga sak.*

Følgjande tiltak vert ikkje prioritert for gjennomføring på noverande tidspunkt

- Innføringsgruppene
- Instruktøropplæring
- Lærlingsamling
- Drift av landslinetilbod for yrkessjåførar

2. Hovudutvalet for opplæring gjev følgjande vurderingar av dei ikkje ferdigstilte utgreiingane/ utgreiingsområda: Med bakgrunn i innspel ønskjer utvalet å skjerme miljøkoordinator ved dei vidaregåande skulane. Dei andre punkta vert utgreidd som planlagt.

#### **Høgre og Venstre kom med framlegg om eit nytt punkt 3:**

Hovudutvalet for opplæring ber om at det vert utgreidd ein modell med større ansvar til den einskilde skulen, mellom anna knytt til personale og økonomi. Dette må vurderast i samanheng med utgreiinga om sentraladministrasjonen, roller og storleik.

#### **Avrøysting:**

Framlegget frå Arbeiderpartiet og Senterpartiet vart samrøystes vedteke.  
Framlegget frå Høgre og Venstre vart samrøystes vedteke.

#### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Hovudutvalet for opplæring tilrår at ei iverksetting av innsparingstiltak vert realisert i ei slik rekkefølge:  
Oppfølgingstenesta som vedteke i sak 7/15  
Arbeidslivskontakt som vedteke i sak 8/15
  - Økonomiske rammer for dei vidaregåande skulane inntil kr 18.1 mill. kr.

- Gratis læremiddel/PC –ordninga
- Karriererettleiing
- Lærarressurs open skule.
- Innsparingar knytt til reduksjon i rammene på fagskulen vert å komme attende til i 2017, i samsvar med slik prosjektutgreiinga til fagskulen viser.
- Utvalet forhold seg til punkt 6.8 om innsparingspotensiale i skule og tilbodsstruktur. *Utvalet ber om at ein eventuell oppstart av utgreiing om innsparingspotensiale i skule og tilbodsstruktur vert førelagt utvalet i eiga sak.*

Følgjande tiltak vert ikkje prioritert for gjennomføring på noverande tidspunkt

- Innføringsgruppene
  - Instruktøropplæring
  - Læringsamling
  - Drift av landslinetilbod for yrkessjåførar
2. Hovudutvalet for opplæring gjev følgjande vurderingar av dei ikkje ferdigstilte utgreiingane/ utgreiingsområda: Med bakgrunn i innspel ønskjer utvalet å skjerme miljøkoordinator ved dei vidaregåande skulane. Dei andre punkta vert utgreidd som planlagt.
  3. Hovudutvalet for opplæring ber om at det vert utgreidd ein modell med større ansvar til den einskilde skulen, mellom anna knytt til personale og økonomi. Dette må vurderast i samanheng med utgreiinga om sentraladministrasjonen, roller og storleik.

-----